

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
21. 03. 2017	
Ark. saknr. 14/3897	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

18.mars 2017

Til Lindås kommune

Sak: Kommunal veg Litleskare, Skarsvåg

Saksbehandlar: Atle Dingen

Dykkar brev av 10.02.2017: Motteke 14.02.2017 "Forslag til møtereferat".

Då dette er mi oppfatning av møtet, og såleis mitt møtereferat, vil det her nyttast eg-form.

Eg gjer merksam på at dette er ein «kortversjon», og kan såleis utvidast både med tema og detaljar. Det må ikkje oppfattast som forhandlingsdokument, men som eit av fleire grunnlag for slikt. Det inneheld mellom anna ingen omtale om dei postar i møtereferatet av 12.05.87 som handlar om veglys, møteplassar, fartavgrensning, fysisk utforming av avkøyrsløse frå fylkesveg og meir.

LK: Lindås Kommune

HH: Hogne Haugsdal

AD: Atle Dingen

**Avklaringsmøte mellom LK og Johan Litleskare vedrørende den kommunale vegen ned til Skarsvågen, gbnr. 148/8.**

### 1. Bakgrunn og historikk i saka

Eg starta med å visa til mitt brev datert 21.06.16 til LK der eg krev at eit avklaringsmøte skal takast opp på lydfil. Dette kravet vart avvist av HH. Eg la då fram ein avisartikkel (NT 20/12-16 side6-7) om bruk av skjult opptak av møter, og lovlegheit av dette, og sa at eg sjølv kunne ta opptak. Svaret for HH var: "Då går eg frå møtet". Etter litt tenketid sa eg at trass LK var representert med to personar og eg var åleine ville eg gjennomgå føreliggjande dokumentasjon.

Det første eg tok opp var møteinnkallinga. Den er i samsvar med mitt brev av 21.06.16 (gjennomgang av historisk materiale). I dette brevet føresler eg møte etter 01.08.16 men fekk aldri svar. Tvert om var brevet unnateke offentleg innsyn. Når så Trond Moberg (eigar i Skarsvågen) heilt først i januar 2017 fortel meg at kommuneadvokaten har informert han om at eg ikkje svarer på LK sine henvendelsar, reagerer eg med å seia at det er rein løgn. Trond Moberg får kopi av brevet av 21.06.16 som han så viser til AD (dette vart stadfesta av AD). Då kom møteinnkallinga i løpet av ei veke.

Mitt utgangspunkt er at saka dreiar seg om vilkår for underskrift av avtale om utviding av vegggrunn. Det har aldri vore úeinighet om at vegen må utvidast, og at den må utvidast nok. Det er vilkåra for underskriving av ein slik avtale (skildra i brev frå 1987) LK etter mi oppfatning har sabotert.

Eg uttalte at eg har vore utsett for trakassering frå LK si side heilt tilbake frå 1999, noko eg og har formidla tidligare, mellom anna i brev sendt LK 21.06.2016. Grunnlaget for denne påstanden er mellom anna følgjande:

- Uriktige påstandar frå kommuneadvokat og andre i kommunen om meg, til dømes at eg ikkje svarar på henvendelsar frå kommunen.
- Urimeleg lang saksbehandlingstid frå LK si side – frå 1999 til 2004 (5 år) og frå 2004 til 2011 (7 år).
- Ansvarsfråskrivning når det gjeld dei plagene eg har vore utsett for frå LK si side, og uriktige påstandar om at det er naboane mine som har utsett meg for dette. Sjå brev av 24.04.2014 frå meg til LK punkt 4 og 5 som viser til vedlegg nr. 4 punkt 4 og 7.  
Dei plagene som er omtalt i brev frå LK av 01.10.04 kan ikkje måla seg med dei plager tilsette i LK har påført meg etter 2011.

Eg la fram alle dokument i møtet, og alle dokument som er relevant i saka er produsert av kommunalt tilsette. Mine brev er kun oppsummeringar av desse dokumenta.

## 2. Eigarforholda i Skarsvegen

*Merknad til punkt nr 2 slik det er skildra av AD:* Då eg tok opp spørsmålet om bruksnummer på grunnen under vegen viste eg til ein artikkel i bondebladet av 13. mai 2015. AD si forklaring no er langt på veg samsvarande med denne artikkelen, men er i skarp kontrast til utsegner i brev frå LK i 2004 som omtalar grensegangssak, samt brev frå LK til politiet i 2013 der eigarforholda blir omtalt som "grensa mellom kommunal og privat eigedom". Dette er nok eit døme på at LK ikkje har kjennskap til eigne saksdokument, noko som aukar belastninga for meg og andre involverte. Eg må stadig gjenta argumenta mine til nye saksbehandlarar som ikkje har eigarforhold til saka og som heller ikkje maktar å setje seg inn i det historiske grunnlaget for kvifor saka ikkje har vorten løyst tidlegare.

Kravet om fjerning av bruksnummer og soner langs vegen merka på kartet "anna offentleg areal" blir med dette oppretthalde. Dette gjeld og grunn under og langs fylkesvegen. Eg gjer merksam på at kommunevegen til Skarsvågen var ferdigstilt i 1917 og fylkesvegen over Litleskare, bygd som kommuneveg ferdigstilt i 1936, må vurderast ut frå regelverk frå den tid og ikkje slik det etter kvart har vorte.

Dokumentasjon for finansiering av vegen til Skarsvåg kai kan leggjast fram.

## 3. Oppfølging og vidare saksgong

Etter at møtet eigentleg var avslutta fekk eg spørsmål om kva eg meiner må gjerast for å løyse saka. Eg svarte følgjande:

1. I dei dokumenta som fins er det ikkje nemnd noko anna enn den kommunale vegen til Skarvåg. Dette gjeld dei to punkta som har med asfaltering og gjerdehald å gjere. Den kommunale vegen går fram til den gamle dampskipskaien og ikkje berre til svingen ved avkjørsel ned til Skarsvåganlegget. For å løyse saka stiller eg krav om at asfaltering og gjerdehald skal gjelda heile vegen (ref møtereferat frå 1987). Dampskipskaien er ikkje ein kommunal kai, men privat eigd (brn. 8) og frå 1947 drifta av Skarsvåg bryggelag. Men den er i offentleg bruk så lenge den kommunale vegen fram til kaien er halden i brukbar stand. (LK skriv i forslag til møtereferat at dette kravet vil møtast)
2. Eg krev erstatning for å setja opp att muren på innsida av vegsvingen, noko eg måtte gjera to gonger etter at LK reiv det ned. Eg krev erstatning for verdien av dette arbeidet jamfør kostnad med å rive ned. AD bekrefta at kostnaden med å byggje opp att er om lag det dobbelte av kostnaden ved å rive ned. (LK bekreftar i forslag til møtereferat at eg vil bli gjeve erstatning, men seier ingenting storleik). Kostnad for nedriving kan dokumenterast med faktura frå Alversund Maskinstasjon til LK den dagen skadeverket vart utført. Erstatning = nemde faktura x 4.
3. Gjerdehald: I møtereferat av den 12.5.87 punkt 3 "...kr. 50 pr l.m nødvendig gjerde mot jordbruksareal for å få bort retten/plikta til å halda grind på kommunevegen."

No har me frå LK fått eit forslag om kr 80,- pr. l.m. som er i samsvar med det tilskotet jordbrukarar får for å setja opp gjerde for beitedyr. Dei må då ta arbeidet med oppsetjing sjølv og vederlagsfritt stå for alt framtidig vedlikehald.

Føresetnaden for avtalen i -87 var full dekning for materialkostnad og (innleigd) arbeid i tillegg ein post til dekning for framtidig vedlikehald. Ein høveleg omrekningsfaktor (indeksregulering) mellom 1987 og 2017 for slikt arbeid vil vera mellom 4,0 og 4,5.

4. Vegsvingen: Heilt i slutten av møtet fekk eg spørsmål om mi meining om praktisk gjennomføring av endring i vegsvingen. Ved hjelp av kart på vegg viste eg eksisterande vegbredde, stigningsforhold, svingradius og liknande. Eg held fast på at utviding i svingen innover må vera så stor at eg og framtidige eigarar av grunnen slepp ei slik sak igjen. Om ein vil løfta vegen nedom svingen så høgt at stigningsforholda i svingen vert minst mogeleg, er det ingenting i vegen for å utvida sjølve vegen mot aust i dette området. Ein må då ta omsyn til felles kloakkrør som no er lagt under vegbana og sluk for den stikkveit som går under vegen. Eg viste og til møtereferat av 12.5.87 punkt 2 merknad e), som er nær på 30 år gammalt men heilt identisk med framlegget mitt no. Dette får vere god nok dokumentasjon på min "vrangvilje".

Johan Litleskare